



Etter innvilginga av eit nytt byggjetilskot frå kommunen til Helgheim på 50 000 har ungdomslaget til no motteke 200 000 i byggjetilskot, Det er rekna ut ein godkjend søknadssum på 428 000 og saksbehandlar Linda Øen presiserar at denne ikkje kan endrast ved fornying av søknad.

Men ho signaliserar at ungdomslaget kan søkje om vidare byggjetilskot neste år. Søknadsfristen vert truleg 15. februar.

Det som står att i rehabiliteringa som starta for 6 år sidan er nytt kjøken og toalettanlegg og det er også igang ei innsamling av midlar på bygda med dette føremålet.

Sparebank 1-stiftinga har bidrege med 75 000 til toalettanlegget.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen